

Driftsplan for Hå-elva 2004 - 2007

JOSTEIN NØRSTEBØ

MÅLSETTINGA FOR PLANEN

Hovudmål

- Utvikla lakse- og sjøaurebestanden i Håelva slik at det biologiske produksjonspotensialet kan utnyttast betre.
- Utnytta denne ressursen til beste for retthavarane, også som ein del av næringsgrunnlaget i landbruk og bygdeturistnæring.
- Legga til rette for eit variert og attraktivt fisketilbod.

Delmål

- Ta vare på ei rein elv som ein viktig miljø- og trivselsfaktor i bygdene ved å legga til rette for eit mangfald av planter, dyr, fiskar og fuglar.
- Redusere faren for spreining/utbrot av sjukdommar og parasittar. Redusere faren for spreining av uønska og nye fiskeartar.
- Alle naturleg lakseførande delar av vassdraget skal vera fullrekrutterte gjennom naturleg rekruttering. Primært skal utsetting av yngel skje i sidebekker.
- Høgast mogleg fangstrapportering, helst auka ropporteringa utover nivået i dag.
- Auka lokalt sjølvstyre.
- Samordna og auka oppsyn i Håelva.

- Fiskereglane skal legga til rette for eit fangstuttak som sikrar at det er igjen nok med fisk til å oppfylla kultiveringsmålet. Fiskereglane skal vidare sikra ei rettferdig fordeling av sjansane til å få fiska i vassdraget for retthavarane og mellom ulike grupper av andre fiskarar.
- Håelva skal vera ei godt tilrettelagt fiskeelv. Det vil seia at det skal vera lett å få fiskekort. Elva skal vera lett å finna for tilreisande. Ulempene for grunneigarane skal gjerast minst råd er ved styring av parkering og ferdsel langs åa.
- Gjennomførte biologiske registreringar.

REGISTRERING

Biologiske forhold

Geografi og vassdragsforhold


Håelvassdraget har sine kjelder ved vatna Storamose og Tjålandsvatnet øvst oppe i Time. Nedslagsfeltet er på til saman 158,5 kvadratkilometer. Største delen ligg i Time kommune medan kring ein tredel av åa renn gjennom Hå kommune. Den viktigaste sideelva til Håelva er Tverråa. Håelva har ingen store magasinerande innsjøar i nedslagsfeltet. Vassdraget har lite snøsmelting.

Håelva renn gjennom det mest intensivt drivne jordbruksareal i landet. Det gjeld spesielt for dei midtre og nedre delane av vassdraget.

Håelva er ei typisk flaumelv der vassføringa er styrt av nedbørmengdene. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) driv ein automatisk målestasjon for vassføring på Haugland, nedanfor samløpet mellom Tverråna og hovudelva. Ein veit derfor mykje om variasjonen i vassføring i elva. Det er målt vassføring sidan 1918 og ein kan nå sjå dagleg oppdaterte målingar av vassføringa på NVE sine nettsider. Målestasjonen dekker 85 % av det totale nedbørsfeltet, slik at vassføring ved utløpet til sjøen er noko større enn det som blir målt på Haugland.

Middelvassføringa på Haugland er rundt 7 m³/s. Det betyr at det renn 7000 liter vatn forbi kvart sekund. Vassføringa går vanlegvis ned mot 0,5 til 1 m³/s i tørre periodar om sommaren, men kan i nokre tilfeller vere under 0,5 m³/s. Det er årleg toppflaumar på mellom 45 og 50 m³/s. NVE har berekna middelflaumen til å vere 50 m³/s. Det renn altså 1 00 gonger meir vatn i elva ved middelflaum enn ved lågaste sommarvassføring. Ein gong kvar femte år kan ein vente flaum på 61 m³/s, mens femtiårsflaumen er heile 91 m³/s. Under katastrofe-flaumen i 1957 blei vassføringa målt til 96 m³/s. Ved middelvassføring er det brukbare fiskeforhold i nedre delar av elva, og flaumar over 10 – 15 m³/s gir svært gode fiskeforhold i heile vassdraget. Flaumane er bråe og vassføringa kan både stige og gå ned mykje på eit døgn.

Vasstanden varierer noko mindre enn vassføringa



Figur 1. Gjennomsnittleg månadleg middelvassføring i Håelva ved Haugland målt i perioden 1993 - 2002.

målt i m³/s. Ved Haugland er vasstanden under femti-årsflaumen omtrent ein halv meter høgare enn vasstanden ved middelflaumen. Vasstanden varierer også nedover vassdraget i forhold til profilen på elvelauget og terrenget rundt elva. Dette fører til at vatnet som fløymer inn over land i dei nedre delane av elva under store flaumar ofte blir verande på kjelvene i fleire døgn.

Fiskesamfunn i Håelva

Dei milde vintrane på Jæren gir tidleg vår med høg vasstemperatur og lang vekstsesong for fisken i elva. Aure finst i alle vatna, når vi ser bort frå nokre av vatna øvst i nedslagsfeltet. Dei er sure. Frå sjøen går laks, sjøaure, ål og havniøye opp i vassdraget. Skrubbe-flyndre kan også gå nokre kilometer opp i elva. Av reine innlandsartar er det aure i dei fleste vatna med unnatak for dei få sure vatna øvst i vassdraget. Trepigga stingsild finst i mange av dei vatna som ligg lågast. I tillegg er

det registrert nipigga stingsild i Salsvatnet. Sørv er di-
verre registret i Melsvatnet, Sjelsetvatnet og Taks-
dalsvatnet. Røye og sik finst i fleire vatn, sjå tabell 1.

Tabell 1: Vatn med sik og røye i Håvassdraget

BIOLOGIEN TIL DEI ULIKE FISKEARTANE

Laks

Storamos	røye	
Litlamos	røye	
Tjålandsvatnet	røye	
Ormatjern	røye	
Sjelsetvatnet		sik
Hålandsvatnet		sik
Salsvatnet		sik
Åsvatnet		sik

Laksyngel klekkest allereie i april månad i Håelva. Dei første vekene ligg plommeseckyingelen nedgraven i elvegrusen. Når vasstemperaturen stig til 8-9 grader Celsius tidleg i mai og plommesekken er oppbrukt, kjem yngelen opp av grusen. Det er frå naturen si side det mest gunstige tidspunktet for yngelen å koma opp på frå grusen. Lakseyngelen må nå læra seg å finna mat sjølv, og det er av den grunn stort tap av yngel på dette stadiet.

Lakseyngelen veks raskt i Håelva. Yngelen som veks raskast – om lag 5% - er stor nok til å smoltifisere allereie året etter, medan 92% vert smolt etter 2 år og resten smoltifiserer etter tredje året.

Smoltifiseringa er ein prosess som gjer lakseyngelen klar for å vandra ned vassdraget og ut i sjøen. Smolten er blank og vert i stand til å tola den salte sjøen. Vanleg smoltstorleik i Håelva er 10 – 16 cm. Lakseungane veks i gjennomsnitt 7 cm i året i Håelva, men variasjonane kan vera store.

Tidspunktet for når smolten tek ut på vandring er viktig for sjansane til å overleva. Det ser ut til at samanfall av stor vassføring i elva og ein sjøtemperatur på kring 8 grader Celsius er gunstig. Det skjer oftast tidleg i mai for Håelva.

Håelva er eit typisk smålaks- eller sviddevassdrag. Kring 90 % av laksen kjem tilbake til Håelva etter eitt år i sjøen, og han veg nå frå eitt til tre kilo. Resten av årgangen som gjekk ut, står to år i sjøen, og han kan nå vera frå tre til ti kilo. Bare få fanga laks – 0,4 % - i Håelva er storlaks på over sju kilo.

Gyting i Håelva går føre i november. Utgytt laks er ofte tynn og medteken, og mange av desse laksane dør. Laks som har gytt, kan gå rett attende til havet, eller kan stå vinteren over i elva og gå ut i sjøen våren etter. Når desse laksane kjem tilbake for å gyta andre gongen, er dei fleire kilo tyngre.

Aure

Sjøaure og innlandsaure – eller stasjonær aure – er same arten, og kan jamvel også tilhøyre same bestand.

Av sjøaure kan det følgjeleg verta både sjøaureungar og stasjonære aureungar, sjølv om dei fleste vert til sjøaure. Både arv og miljø spelar inn her. Det vil seia at også ungar i "smoltstorleik" frå stasjonær aure



Kjell Slettebø viser fram ein flott sjøaure på 3,5 kg, fanga 13. september 1996. Foto: Svale Moi. Jæren Jakt- og Fiskelag.

ovanom lakseførande strekning kan lurast til å smoltifisere seg dersom han vert sett ut i brakkvass-sona på rett tidspunkt, d.v.s. under den naturlege smoltvandringa til sjøs.

Aureyngelen vert klekt tidlegare på året enn lakseyngelen. Aureyngelen veks raskare, og ein større del av yngelen smoltifiserer allereie etter eitt år i Håelva. Medan laksen vandrar langt til havs, går sjeldan auren lenger enn 30 – 40 kilometer frå elveosen han gjekk ut frå. Auren kan gyta mange gonger. Vekta på aurane tekne i Håelva varierer frå eit halvt til to kilo med ei middelvekt på 0,8 kilo.

Dei fleste innlandsvatna i Håelvvassdraget er overbefolka av småaure som aldri vert større enn kring 200 gram. Så mykje småaure kan mellom anna skuldast gode gyteforhold, d.v.s. at det vert rekruttert fleire aurar til vatnet enn det er mat til. Uttynningsfiks med for eksempel garn med maskevidde tilpassa den dominerande fiskestorleiken, ville gitt ein kvalitativt finare aure i desse vatna. I somme vatn med dårlegare gyteforhold, kan det vera fin aure på halvkiloen eller meir å få.

Røye

I motsetning til auren, gyt røye på grusgrunnar i vatna. Tilgangen på eigna gytegrunnar er ofte god for røye som då dannar overbefolka bestandar. Får bestanden tilgang på nok mat, kan han som auren, verta fleire kilo. Røye er ein kaldtvassfisk som om sommaren trekker ned på djupare vatn. Røye har finare gjellegitter enn auren, og han kan i større grad livnæra seg på dyreplankton som svevar fritt i vatnet. Både aure og røye beiter på insektlarvar og andre smådyr inne i strandsona. Når vatnet vert kaldt i november, kjem røye opp på gytegrunnane for å gyta.

Sik

I likskap med laks, aure og røye, er også sikein laksefisk, d.v.s at han har feittfinne. Men i motsetning til dei tre nemnde artane, vert ikkje siken raud i kjøtet. Til liks med røye, er sik ein flink planktonetar. Sik gyt på sand- og grusgrunnar om hausten.

Trepigga stingsild

I kystnære innlandsvatn er stingsilda eit vanleg innslag. Ho er både ein konkurrent for aure og røye om føde fordi stingsilda kan beita hardt på dyreplankton, og kan på den andre sida vera ein viktig byttefisk for større aure. Stingsilda er gjerne infisert av bendelmark.

Ål

Ål har eit motsett livsløp sananlikna med laks og sjøaure. Ålen dreg på gytevandring til Sargassohavet. Ållarvane driv med havstraumane over Atlanterhavet til Europa og kysten vår. Ålungane vandrar så opp i ferskvatn. Det er tilfeldig kva for eit vassdrag og vatn ålen går opp i. I ferskvatn brukar han sju til åtte år på å verta stor og gytemogen blankål. Blankål er frå 40 til 110 cm lang. Dei minste kjønnsmogne ålane er hannar, mens all ål over 50 cm er hoer. I Håvassdraget finst det ål i alle vatna. Under første skikkelege haustflaumen vandrar blankålen ned Håelva på gytevandring vestover til Sargassohavet.

Oppvandringsforhold og naturleg lakseførande strekning

I Håelva er det først og fremst Fotlandsfossen som



Mærlifossen ovanom Undheim.
Foto: Aslaug Undheim.

representerer eit vandringshinder for laksen. Allereie i 1886-87 vart det sprengt ut ei laksetrapp i fjellet ved fossen. Trappa gjorde det mogleg for stor laks å koma opp fossen. I 1952 vart det bygt ei betongtrapp som fungerer både for stor og liten fisk.

Laksen går nå opp i alle delar av vassdraget. Han går nå mellom anna gjennom Taksdalsvatnet og nordover til Sjelsetvatnet eller søraustover opp Undheimsåa gjennom Longavatnet til Tjålandsvatnet. Laksen stoppar her ved fossen vest for Bakkaberget. Den viktigaste sideelva til Håelva, er Tverråa, og laksen går her opp til Risa. Det høyrer med å nemna at det går nokre laks opp Lodebekken til Motland.

Bestandsforhold, fangsttiltak og overvaking

Fangsttala for Håelva har variert dei siste ti åra. Sjø



Einar Berg "straumar". Då brukar han eit elektrisk apparat som bedøver all småfisk i ein viss omkrets. Andre folk vil følgja etter og telja fisken. Det er tolv teljeområde i Håelva.
Foto frå Jæren Jakt- og Fiskelag.


figur 2. 1998 merkjer seg ut som eit toppår. Ei viktig årsak til det var nok god vassføring gjennom heile fiskesesongen. Både juli, august og september hadde vassføring godt over det normale for desse månadene.

Månadene august og september i 1999 var svært tørre med tilsvarende låge fangsttal. Sidan Håelva er så avhengig av nedbørsflaumar i fangstsesongen, vil fangststatistikken bare kunna spegla den reelle storleiken på bestanden i år med god vassføring.

For å vurdere om gytebestanden for Håelva er stor nok til å rekruttere heile vassdraget sitt produksjons-potensiale, kan ein nytta eit teoretisk estimat for talet på gytt rognkorn for kvar kvadratmeter. Sidan fangststatistikken for 1998 vert vurdert til å spegla den reelle gytebestanden, vert dette året brukt som basisår for berekningane. Erfaringstal frå andre vestlandselvar tyder på at omlag 80% av smålaksen og kring 40 % mellom- og storlaks vert fanga under sportsfiske. Data frå Ims tyder på at omlag 40% av smålaksen og storlaksen er hoer medan heile 76% av mellomlaksen hoer. Dersom ein reknar med 1300 rognkorn for kvart kilo holaks, vil det seia at det hausten 1998 vart gytt kring 3,7 millionar rognkorn i Håelva. Vert dette delt på eit elveareal på omlag 430 daa, vert det 8,6 rognkorn på kvadratmeteren. Vurderingar som er gjort frå andre elvar, held på at rogntalet bør ligga over 3 – 6 korn for kvadratmeteren for at vassdraget skal vera fullrekrut-tert. Håelva låg godt over desse tala i 1998. Det ser altså ut til at gytebestanden i Håelva med god margin er stor nok til å fylla opp den lakseførande delen med lakseungar.

Rådgevinge biologar kartla i 1999 kor tett det var av laks- og aureungar ved prøvefiske med elektrisk fiskeapparat på 12 stasjonar fordelt i heile vassdraget. Ungfiskettletleiken varierte frå kring 30 til 140 laks- og

aureungar for 100 kvadratmeter med eit snitt for heile vassdraget på 76 for kvar 100 kvadratmeter. Varia-



Figur 2. Fangst av laks og sjøaure i Håelva 1994 – 2003. Tabell: Jostein Nørstebø.

sjonane mellom stasjonane kan delvis forklarast med ulike straum- og botnforhold.

Det er ikkje gjort representative elektriske fiskeundersøkingar i Håelva for fleire år, slik at ein kan samanlikna utviklinga over tid. Dataene frå 1999 for Håelva med eitsnitt på 76 fisk for kvar 100 kvadratmeter viser ein relativt høg ungfisktetleik, som likevel er litt lågare samanlikna med tal frå naboelvane Ognaelva, Sokndalselva og Bjerkreimselva med 107, 88 og 84 fisk for tilsvarende areal. 1999 var eit godt produksjonsår for laks- og sjøaureungar på Jæren og i Dalane. For Ognaelva var 1999 blant dei 2-3 åra med høgast ungfisktetleik. Når det gjeld Sokndalselva og Bjerkreimselva, var 1999 det aller beste året. Åra 2000 og

2001 har hatt lågare fisketetleik for desse elvane. Lang vekstsesong gjer sitt til låg smoltalder og dermed "rask utskifting" av lakseungane i Håelva. Ved sida av relativ høg ungfisktetleik, gjer dette Håelva til ei svært produktiv lakseelv.

Forureining

Håelva renn gjennom det mest intensivt drivne jordbruksareal i landet. Konsentrasjon av næringssalt og innhald av organisk materiale er høgt i elva. Punktutsleppa av silosaft er sterkt redusert, sjølv om det årleg vert registrert fleire utslepp. Det er ikkje rapportert om omfattande fiskedød p.g.a. utslepp frå landbruket dei siste åra, men slike utslepp vil vera ein konstant trussel mot fisk i vassdraget når vass-standen er låg.

Vassdraget er òg utsett for utslepp frå anna verksemd. Sommaren 2000 førte eit utslepp frå eit industrifelt på Nærbø til omfattande fiskedød i nedre delen av elva.

Ein viss grad av næringssalt i vatnet er positivt for yngelen og verkar med til vassdraget sin høge produksjon av lakse- og aureungar. Eit høgt næringsinnhald i vatnet fører på den andre sida med seg sterk groing med mose, sopp og algar over steinbotn. Det kan m.a. redusere gyteforholda til fisken.

Overgjødsling og soppgroing aukar faren for spreiing av soppsjukdommar og sjukdomsframkallande mikroorganismar til laksefisken i vassdraget.

I dei delane der elva flyt roleg, er det tidvis sterk vekst av rotfast vegetasjon. Han kan redusere opp- og nedvandringsforholda for laks og aure. Nedbryting av



Lakselus. Suldalslågen. Laks og kraft, Statkraft Grøner as, 2000.

denne plantemassen vil krevja mykje oksygen. Tiltaket med å slå dette grasnet ut på sommaren ser ut til å ha ein positiv verknad på oksygensituasjonen i desse stilleflytane områda.

Vatna i den øvste delen av vassdraget, er som før nemnt, noko sure. Situasjonen har betra seg på siste halvta av 1990-talet. Det er ei følgje av mindre sur nedbør. I den lakseførande delen av vassdraget har det sure vatnet ikkje vore noko problem. Ph-verdiane i dei delane av vatnet er høge og gode. Sjå tabell 2 for Ph-verdiane for 2002.

Tabell 2: Ph-verdiar frå ulike vatn i Håelvvassdraget målt i august 2002

Taksdalsvatnet	7,05
Sjelsetvatnet	7,01
Hålandsvatnet	7,1
Litlamose	6,81
Storamose	6,68

Fiskesjukdommar

Fiskesjukdommar har ikkje vore noko stort problem i Håelva, og risikoen for sjukdomsutbrot vert vurdert som relativt liten. Den største trusselen er truleg parasitten gyrodactulus salaris. Det er lite oppdrettsverksemd på Jærkysten og derfor lite luseproblem på laksen. Innslag av oppdrettslaks er minimalt. Det er fleire desinfiseringsstasjonar i vassdraget.

Fiskeforsterkande tiltak

Gyteforholda er gode i nesten heile elva. Dei dårlegaste forholda er i dei stilleflytande delane nedst i elva, sjølv om laksen òg gyt her. Gyteforholda er spesielt gode ovanom riksveg 44. Det vert likevel årleg sett ut ein del lakseyngel, i hovudsak ovanom den lakseførande delen av elva.

Jæren Jakt- og Fiskelag har stamfiskavdeling ved Fotlandsfossen og klekkeri ved Åsvatnet. Klekkeriet vart lagt til Åsvatnet p.g.a. veterinærkrav om smittefritt vassinntak. Anlegget har konsesjon til innlegg av kring 60 liter rogn pr. år. Årsproduksjonen har vore om lag 200 000 plommeyngel.




Første steg i stamfiske er å fanga passande gytelaks. Her er Reidar Lerbrekk og sonen Frode i ferd med å hala i land fangsten.
Foto: Svale Moi.

Dette ser vel bra ut!
Frå v: Mons Bjorland, Frode Lerbrekk, Reidar Lerbrekk og Tønnes Nærland sist i 1970-åra.
Foto: Svale Moi.



Det er hausten 1984 og Kjell Slettebø og Arnold Vaaland bedøver laksen før stryking.
Foto: Svale Moi.



Yngelen veks i kar med friskt vatn i klekkeriet på Åsen.
Foto:
Egil T. Nærland.



Klekkeriet til Jæren Jakt- og Fiskelag på Fotland.
Foto: Egil T. Nærland.

Fysiske inngrep

Det er gjort mange fysiske inngrep i det sterkt kulturpåverka vassdraget. Elvelaupet er senka mange stader frå Fotlandsfossen og ned til sjøen for at vatnet skal renna raskare og for å unngå flaumskader på kulturvekstane langs åa.

NÆRING OG REKREASJON

Fiskereglar

Fisketida i Håelva er for perioden 2004-2007 frå 1. juni til 20. september. Inntil vidare er det ein døgnkvote på 10 laks og-eller sjøaure.

Talet på stenger avgjer retthavaren for kvart einskild vald.

Oppsyn

Tidlegare hadde kvar grunneigar avgrensa politimynde og gjekk oppsyn. Nå er det nye reglar. Det er politi-meisteren i det aktuelle politidistrikt som deler ut politimynde og skriv ut bevis til personar som vert kursa i oppsyn. Desse personane kallast miljøkontaktar. Oppgåvene til oppsynet er å hindra lovbrøt ved å informere brukarane om ulike lovar og reglar og å reagere når det er brot på desse.

I vedtektene til Elveeigarlaget står det at medlemmane har plikt til å følgja med på at fiskereglane og ulike lovar vert følgde på sine vald. Brot på regelverket skal varslast fikeoppsyn, politi eller styret for Elveeigarlaget.

Organisering

Elveeigarlaget er eit interesseorgan for retthavarane til vassdraget. Medlemskapen er personleg. Elveeigarlaget har ikkje oversyn over rettsforholda til retthavarane.

Utnytting

Utleige og sal av fiskekort ordnar kvar einskild grunneigar med sjølv. Fleire grunneigarar langs heile elva har avtale med Jæren Jakt- og Fiskelag om fiske. Jæren Jakt- og Fiskelag administrerer sal av fiskekort på desse strekningane. Kort vert mellom anna selde på Bryne og Nærbø.

På mange strekningar er det privat fiske. Før sesongstart får grunneigarane til elva eit kort for registrering av fiskefangst. Ved sesongslutt vert fangst-



På Torland står den gamle Opstadbusen til ly for fiskarane. Her er det også utstyr for å måla vindstyrke og vassmengd.
Foto: Egil T. Nærland.

oppgåvene frå private og frå fiskekortstrekingane samla, og samla rapport vert sendt fylkesmannen.

Elveigarlaget har ikkje oversikt over det totale fisketrykket, d.v.s. talet på stenger i vassdraget.

Tilrettelegging og informasjon

Elveigarlaget har ikkje informasjonstavler eller trykksak med samla oversikt over fiskekortsal eller anna tilrettelegging. Jæren Jakt- og Fiskelag gir årleg ut

katalog med opplysningar om dei strekningane laget administrerer. Det er lite skilting langs vassdraget. Som regel får fiskarane god og nyttig informasjon om grenser, gode fiskeplassar og parkeringsplassar av grunneigar.

Elveeigarlaget har seks desinfeksjonsstasjonar langs åa, d.v.s. på Hå, Nesheim, Nærbø, Fotland, Bryne og Undheim.

Marknadsføring og profilering

Lokalaviser og distriktsaviser som Stavanger Aftenblad og Jærbladet tek opp tema knytt til elva frå tid til anna. I året 2003 hadde mellom anna "Vi Menn" ein artikkel om Håelva.

Ringverknader

Vedlegg 1 gir oversikt over lokale overnattingsstader som kan vera aktuelle for laksefiskarar. Det er i det heile få tilreisande fiskarar. Som det har vore skrive, er elva svært avhengig av flaum, og av den grunn kan ein vanskeleg planleggja fiske i langtid på førehand.

DRIFTSPLAN

Plan for biologiske forhold

Plan for å forebygga spreiding av sjukdom, parasittar og nye fiskeartar.

Mål: Redusere faren for spreiding/utbrot av sjukdommar og parasittar.

Redusere spreiding av uønska og nye fiskeslag.



Fiskarhytta til Odd Rune Salte på Hå. Foto: Søren Sviland.

Elveeigalaget ønskjer å redusere sjansane for spreiding/utbrot av parasittar og sjukdom og samstundes hindra at nye fiskeartar vert innførte. Informasjon om følgjande førebyggjande tiltak er derfor viktige:

- Slå ut vatn i same vassdraget som det er henta i
- Sløy og vask fisk der du har fanga han, ikkje andre stader.
- Tørk nøye av og/eller desinfiser alt utstyr som har vore brukt i ei elv før du brukar det i eit anna vassdrag. Det gjeld alt slag utstyr: fotty, vadarar, klede, fiskeutstyr, båt m.m

- Fiske med blyøkke påmontert plastslange er forbode.
- Utstyr som har vore brukt i eit smitta vassdrag, skal desinfiserast før det vert brukt i eit anna vassdrag.
- Fiskeutstyr som har vore brukt i utlandet skal desinfiserast før bruk her i landet anten det er brukt av nordmenn eller utlendingar.
- Meld frå til Mattilsynet ved funn av daud fisk.
- Utsetting av fisk krev godkjenning av fylkesmannen.
- Fiske med levande fisk som agn, er forbode.

Ved tørking av utstyr vert ein tilrådd ein minimumstemperatur på 20 grader i minst to dagar, eller oppvarming til minst 60 grader i minst ein time.

For desinfisering av utstyr vert middelet Virkon S tilrådd – vedlegg 2. Det er svært viktig at utstyret vert desinfisert før det vert teke i bruk i eit nytt vassdrag. Viss ein desinfiserer utstyret etter bruk i eit vassdrag, må ein passa på at ein ikkje skyler utstyret i same vassdraget som ein reiser frå. Virkon S er eit skånsamt middel.

Elveeigarlag informerer om dei nemnde tiltaka for å hindra speiing av sjukdom og nye fiskeartar, skaffar oversikt over desinfeksjonsstasjonar i ein foldar, på Laget sine internettsider og på informasjonstavler. Det bør i tillegg hengast opp plakatar om gyroductulus salaris på strategiske stader for kanopadlarar og alle andre brukarar av elva. Sentrale utsalsstader for kort skal ha tilbod om desinfisering og informasjon om korleis desinfeksjon skal gjerast.

Kultiveringsplan

Mål: Høgast mogleg fangstrapporteing, og helst auka rapportering utover nivået i dag.

Kortsalsstrekningar bør innføra depositum på fiskekorta. Slike ordningar har vist seg å gje god tilbake-melding med over 80%. Depositumet bør vera på minst 200 kroner. Elveeigarlaget må òg syta for høg rapportering frå medlemmane i Elveeigarlaget.

PLAN FOR REKREASJON OG NÆRING

Plan for organisering

Mål: Auka lokalt sjølvstyre

For å kunna få auka innverknad på mellom anna fiske-reglane, må vedtektene som gjeld i dag endrast slik at Elveeigarlaget kan fatta forvaltingsvedtak i samsvar med gjeldande lovverk. Vedtektene må bygga på ei fordeling av delane, det vil seia retthavarane får delar i forhold til retten sin verdi og betydning. Felles utgifter vil for eksempel etter dette kunna delast etter delar.

Medlemskapen endrast frå å vera personleg til at det er fiskeretten som vert meldt inn i laget. Viss friskeretten ligg i sameige, det vil seia at fleire retthavarar har sams fiskerett på ein strekning, vert sameiget å sjå på som eitt medlem i laget. For å utarbeida ei deling av fiskerettane må retthavarane ha sakkunnig hjelp. Dei rettslege forholda må òg kartleggjast. Forplikande vedtekter får ikkje noko å seia for den einskilde retthavaren si utnytting av fisket.

Bjerkreimselva, Sokndalselva og Suldalslågen har slike forplikande vedtekter.

Etter behov kan Elveeigarlaget kalla inn fiskefor-valtar, miljøvernleiarane i Time og Hå i tillegg til ein representant frå Jæren Jakt- og Fiskelag til møte. Dette forum vert Fagråd for Håelva. Fagrådet kan diskutere eventuelle endringar av fiskereglane, føreslå endringar av fiskeforskrift eller andre saker det vil vera naturleg å ta opp i dette rådet. Fagrådet har rådgjevande funksjon ovafor fylkesmannen og Elveeigarlaget. Fagrådet har inga myndigheit. Det vil likevel vera slik at tiltak det



Vassdraget kan også nyttast til rolege padleturar, slik Lisabet Risa og Jens Barland viser her.
Foto: Anders Minge. Stavanger Aftenblad.

er semje om i Fagrådet, må verta tillagt stor vekt av offentlege styresmakter. Sekretariatet kan for eksempel leggjast til ein av kommunane.

Plan for oppsynsverksemd

Mål: Samordna og auka oppsyn i Håelva

Håelva elveeigarlag si oppsynsordning bør samordnast betre med Time og Hå Lensmannskontor. Ein bør difor

oppretta eit oppsynsutval med ein representant frå politiet og Elveeigarlaget, og i tillegg lokale oppsynsmenn. Det bør vera årleg møte i oppsynsutvalet før sesongstart og eventuelt eit evalueringsmøte etter sesongslutt. Ein kan eventuelt søka om avgrensa politi-myndigheit for fleire oppsynsmenn. Vilåret er eit klårt behov og at Elveeigarlaget tek på seg ansvaret for desse personane når det gjeld utgifter til mellom anna for-

sikringer. Disse oppsynsmennene må i så fall innordna seg politiet sine rapporteringsrutinar. Statens Naturoppsyn – Direktoratet for Naturforvalning – har ein pott med pengar som Elveeigarlaget kan søka på til organisering av eit slikt oppsyn; tilskot til naturoppsyn kap. 1426 post 70, med søknadsfrist 15. januar. Utgifter til avgrensa politimyngigheit og oppsynsutval kan ein søka dekking for frå DN.

Plan for utnytting og fiskereglar.

Mål: Fiskereglane skal leggja til rette for eit fangstuttak som sikrar at det er igjen nok med fisk til å oppfylle kultiveringsmålet. Fiskereglane skal vidare sikra ei rettferdig fordeling av sjansane til å fiske i vassdraget mellom retthavarane og mellom dei ulike gruppene av andre fiskarar. Detaljerte fiskereglar – offentlege og private – som ikkje er fagleg og rasjonelt grunngjevne, skal fjernast.

Når Elveeigarlaget får betra organisasjonen - sjå plan for organisering – vil Laget vera i posisjon til å forma fiskereglane i eige vassdrag på ein heilt annan måte enn i dag.

Plan for tilrettelegging, informasjon og marknadsføring

Mål: Håelva skal vera ei godt tilrettelagt fiskeelv. Det vil seia at det skal vera lett å få fiskekort. Elva skal vera lett å finna for tilreisande. Ulempene for grunneigarane skal gjerast minst råd er ved styring av parkering og ferdsl langs åa.



Fiskeyngel – klar til utsetting. Foto: Jæren Jakt- og Fiskelag.

Skilting

Ansaret for skilting av parkeringsplassar ligg på valdnivå. Elveeigarlaget bør vurdere å ha ein felles mal på treskilt for bruk langs vassdraget til å merka parkeringsplassar, stiar, utsalsstader for fiskekort, valdgrenser og liknande.

Informasjonstavler

Etablere eigne nye informasjonstavler på strategiske stader langs vassdraget. Årleg oppdatering av desse tavlene. Aktuell informasjon på tavlene er fisketilbodet: utsalsstader, sonar, fiskereglar og sjukdomsførebyggjande tiltak.

Internett og fiskefoldar

Internett er eit effektivt informasjons- og marknadsføringsmedium. På internett kan ein gje utfyllande informasjon om fisketilbod, fiskereglar og tilrettelegging elles. Internettsider reduserer behovet for fiskefoldar. For å gjera fiskekortsal og fangstrapportering enklare, kan ein gjera det på data, sjå www.lakseelver.no.

Vedlegg 1

OVERNATTINGSTADER

Time kommune:

Jæren Hotell, Pb 308, Bryne

Bryne Kro & Hotell, Arne Otto, Pb 420, Bryne

Hå kommune:

Nærland Gjestegard, Grensevegen 12, Nærbø
Obrestad Fyr, Hå kommune, kulturretaten, Nærbø

Obrestad Hytteutleie – Brekkebua,
Hilde Carine Andersen & Leif Obrestad, Nærbø

Obrestad Hytteutleie – Solbua
Solveig Vadla & Svein Obrestad, Nærbø

Obrestad Hytteutleie – Stolpabua
Eva Hægstad & Terje Obrestad, Nærbø

Huset ved Havet
Jytte & Oddvar Varhaug, Ægrå, Varhaug

Jæren Vandrerhjem Nordsjøvegen
Ole Hellebust, Vigrestad
Brusand Camping

Kari & Sigmund Qvalbein, Brusand

Ogna Camping, Martin Vold, Langgata 50, Vigrestad

Ognatun Ungdomssenter, Ogna, Sirevåg

Ogna Fiske og Feriehytte
Mai Kristin & Odd Rune Hølland, Sirevåg

Sirevåg Konferanse- og Sjøferiesenter
Britt Edel Solstad Sirevåg, Nygårdsida 13, Sirevåg

Vedlegg 2

NØDVENDIG UTSTYR OG

GJENNOMFØRING AV DESINFEKSJON

Nødvendig utstyr

- Kar stort nok til håvar og vadarar, i tillegg eit mindre kar eller ein balje for slukar, sneller og fluer
- Sprøyteutstyr: Både vanlege 1 liters spruteflaske – blomsterdusjar – og ei litt større sprøyte – trykksprøyte om nødvendig
- Svamp til fukting av fiskevesker m.m.
- Kraftig hårfønar til tørking av fiskefluer og anna småtteri som kan mista farge
- Tørkepapir på rull
- Vasslange med reint vatn. Skylevatn må ikke renna rett ut i vassdraget
- Virkon S. Bland Virkon S med vatn til 1% løysing: ei måleskei, d.v.s. 10 gram til ein liter vatn. Stoffet er miljøvenleg, skånsamt mot utstyr og effektivt så lenge løysinga har rosa farge. Ferdig uttynna løysing i sprøyter og på flasker er haldbar i 1-3 veker. Bruksløyning der utstyret dyppest, bør skiftast minst ein gong for veka og elles dersom løysinga vert skiten. Pakkestorleikar på Virkon S er 50 og 2500 gram.

Gjennomføring

Før desinfeksjon må fiskeutstyret demonterast. For å få full effekt av desinfeksjonsmiddelet, må alt utstyr vera reint. Etter vasking med desinfeksjonsmiddelet kan utstyret skylast med reint vatn, men hugs: ikkje vatn frå ei sjuk elv. Klede som har vorte fuktige eller våte, må tørkast, gjerne i varmeskap med god varme. Ved dypping i Virkon S må utstyret haldast i løysinga i minst 30 sekundar. Ved spraying ventar ein i om lag 15 minuttar før middelet kan skylast av. Det vert tilrådd 15–20 minuttar verketid både ved spraying og dypping.

- Dypp fluer, slukar og øskjer i Virkon S i minst 15 sekundar. Skyl av med vatn etter 15 minuttar
- Stenger sprayast med Virkon S. Skyl etter med vatn etter om lag 15 minuttar
- Sett vadarar og- eller støvlar i eit kar med Virkon S, og skyl dei utvendig med løysinga
- Dypp liner i Virkon S eller skyl med Virkon S i minst 30 sekundar. Dra hovudlina av fluestanga og legg ho i løysinga

- Dypp snellene i Virkon S. Snellene kan eventuelt sprayast med Virkon S. Ein må la middelet verka i minst eit minutt før det vert skylt av med reint vatn.
- Legg håvar i løysinga i minst eit minutt. Dersom karet ikkje er stort nok for heile håven, kan handtaket på håven skylast med Virkon S, men nettet må liggja i løysinga i minst eit minutt
- Fiskevesker kan leggjast i Virkon S eventuelt vaskast innvendig og utvendig med svamp fukta med Virkon S. Skyl og tørk godt etterpå
- Spray eller dusj båtar, kanoar, blåser, baderingar m.m. med Virkon S og tørk grundig etterpå. Pass på at båtar desifiserest innvendig og at det ikkje er igjen vatn i båten før han vert transportert vidare.

Alternativ til Virkon S

Til desinfisering av større ting som vadarar og- eller støvlar og håvar, kan ein bruka klor. Klor er likevel mindre effektivt og treng lenger tid til å verka for å få tilfredstillande effekt. Ein klortablett løysest i 2-5 liter vatn, og utstyret må liggja i løysinga i minst 30 minutt.